



## Statens vegvesen

### Notat

Til: Hordaland fylkeskommune  
v/Samferdselsavdelinga  
Fra: Statens vegvesen vegavdeling Hordaland  
Kopi til:

Saksbehandler/telefon:  
<Erling Hodneland / 55 51 63 55>  
Vår dato: 04.04.2017  
Vår referanse:

### Opprusting av tunnelar etter Tunnelsikkerhetsforskriften (TSFS)- Fv 7 Hagaås og Liaros tunnelane.

"Forskrift om minimum sikkerhetskrav til visse tunneler på fylkesvegnettet og kommunalt vegnett i Oslo" vart gjort gjeldande frå 2015. Føresegna gjeld for tunnelar over 500 m og med årsdøgntrafikk (ÅDT) på 300 køyretøy eller meir.

Statens vegvesen Region vest har som kjent utarbeidet ei liste over dei aktuelle tunnelane. Lista vart og lagt fram for politisk nivå som ein del av "Strategi for drift og vedlikehald av fylkesvegnettet fram mot 2029" jfr f.t sak PS 104/2016.

Kostandane med opprusting av tunnelane fv 7 Hagaås og fv 7 Liaros etter minimumsalternativet vart rekna til hhv 35 mill.kr og 13 mill.kr, dvs 48 mill.kr i følgje denne lista.

I 2017–budsjettet er det løyvd til saman 24 mill.kr til dei to tunnelane Hagaås (11 mill.kr) og Liaros (13 mill.kr) til oppstart av arbeidet. Desse tunnelane ligg berre ca. 3 km frå kvarandre i Samnanger kommune.

Det er utarbeidd tiltaksliste for opprustinga og tiltaka er og godkjent av tryggingsansvarlege. Tiltaka er prosjektert og klar for utlysing på tilbod. Det er gjort ei nytt byggherreoverslag for minimumstiltaka og samla kostand er no ca. 75 mill.kr.

Dette siste kostnadsoverslaget viser ein kostnadsauke på 27 mill.kr i høve til det som vart lagt fram i ovannemnde fylkestingsak. Dersom vi lyser ut desse to tunnelane no vil vi holde oss innanfor budsjettet for 2017. Førebels prognose for forbruket er på ca. 20 mill.kr i år. Restkostnadane – ca. 55 mill.kr – må då dekkast inn i 2018–budsjettet.

Før vi lyser ut desse tunnelane på tilbod, ønskjer vi å avklare med fylkeskommunen om vi skal lyse ut begge tunnelane samstundes eller bare ta ein tunnel i denne omgangen. Dersom vi lyser ut berre ein tunnel no t.d. Hagaås er kostnadsoverslaget med denne tunnelen ca. 48,5 mill.kr. Prognosene for 2017 vert då redusert til ca. 13 mill.kr.

Men vi vil framleis ha eit pålegg etter TSFS å oppgradere dei tunnelane som kjem inn under ordninga. Oppgradering av Liarostunnelen må då gjerast på eit seinare tidspunkt. Samla sett vil kostnadane med opprusting av dei to tunnelane bli dyrare.

På bakgrunn av at det er knytta ein del uvisse til kostnadsoverslaga med opprusting av alle tunnelane, er vi i gang med å gjere nye overslag. Førebels er vi ikkje ferdige med denne gjennomgangen, men det er mykje som tyder på at samla kostnad for opprusting etter TSFS vil auke. SVV vil komme attende med dette i mai 2017.

Vegavd Hordaland  
Med helsing

Olav Finne  
Avdelingsdirektør

Erling Hodneland